



Arkivsak

26/09347-1

Sakshandsamar

Shuxin Jensen

Saksgang

Fylkestinget

Møtedato

18.06.2026

Telemarkskanalen FKF - Årsrekneskap og årsrapport 2025

Innstilling frå fylkesdirektøren

Fylkestinget tek årsrekneskap og årsrapport inkludert årsmelding 2025 for Telemarkskanalen FKF til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Telemarkskanalen FKF er eit heileigd fylkeskommunalt føretak i Telemark fylkeskommune. Føretaket har eige styre som har det samla ansvaret for verksemda, inkludert fastsetjing av årsrekneskap og årsmelding.

Årsrekneskap og årsrapport inkludert årsmelding for 2025 vart behandla og fastsett av styret i Telemarkskanalen FKF, høvesvis 9. februar 2026 og 11. mai 2026. I tråd med kommunelova blir dokumenta sende over til fylkeskommunen for eigarbehandling. Fylkestinget behandlar saka som eigarorgan, der årsrekneskap og årsrapport inkludert årsmelding blir teken til orientering.

Kontrollutvalet gir uttale 12. mai 2026 før endeleg behandling i fylkestinget.

Saksopplysningar

Om føretaket

Telemarkskanalen FKF har ansvar for drift, vedlikehald og utvikling av Telemarkskanalen som kulturminne, transportåre og reiselivsprodukt. Føretaket forvaltar eit omfattande og verna anlegg bestående av dam- og sluseanlegg, bygningar og tekniske installasjonar langs heile kanalstrekninga. I 2025 hadde føretaket:

- 11 faste tilsette
- i tillegg om lag 38 sesongarbeidarar (slusevaktar) i hovudsesongen
- 7 politisk valde styremedlemmer og éin tilsetterepresentant
 - Heldt 7 styremøte, der ny dagleg leiar har gjennomført dei 3 siste
 - Styret behandla 40 saker i 2025, i tillegg til ekstraordinære styremøte
 - Godtgjersle til folkevalde utgjorde 326 000 kroner for året

Styret si handsaming

Styret i Telemarkskanalen FKF handsama og fastsett årsrekneskap og årsrapport inkludert årsmelding for 2025. Styret gir i årsrapporten uttrykk for bekymring knytt til den økonomiske berekrafta i føretaket, og peikar på behov for:

- auka og meir føreseielege rammevilkår
- betre samsvar mellom oppgåver, lovkrav og tilgjengelege ressursar
- klarare dialog mellom eigar og føretak om prioriteringar og risikonivå

Drift og aktivitet

Slusesesongen 2025 vart gjennomført utan vesentlege driftsavbrot. Trafikkmessig var sesongen å rekne som normal, med ein svak auke i talet på slusa båtar samanlikna med 2024. Totalt vart det registrert 402 båtar opp Skien sluse.

Flaumsituasjonar og stor vassføring førekom i mindre grad enn i 2024. I september 2025 vart det likevel nødvendig å setje beredskap ved stor vassføring, og rutebåttrafikken vart mellombels innstilt i nedre del av vassdraget.

Føretaket har i 2025 lagt store administrative og operative ressursar i tryggleik, beredskap og oppfølging av lovpålagde krav etter damtryggingsforskrifta.

Driftsrekneskap

Årsrekneskapen for 2025 vart avslutta i balanse og viser eit negativt netto driftsresultat på 1,9 mill. kr. Dette inneber eit samla meirforbruk i forhold til budsjett, og ei stor svekking av resultatet samanlikna med 2024.

Hovudårsakene til underskotet er ifølgje føretaket si eiga vurdering:

- manglande pris- og lønnsjusteringar i budsjettet (KPI/deflator)
- høgare lønnsutgifter enn føresett, under dette overlappende utgifter ved skifte av dagleg leiar
- auka utgifter til lovpålagde tilsyn, konsulenttenester og tenesteavtalar

Det har vore brukt meir fondsmidlar enn opphavleg budsjettert, og det økonomiske handlingsrommet i føretaket er svekt.

Investeringar og vedlikehald

Investeringsrekneskapen for 2025 viser:

- auka investeringsutgifter samanlikna med budsjett
- strøket overføring frå drift til investering, som fylgje av underskot i drifta
- eit udekt beløp som må dekkjast inn i 2026, der også udekt beløp frå tidlegare år inngår

Investeringsaktiviteten i 2025 har i hovudsak vore knytt til nødvendige tiltak for sikker drift av sluse- og damanlegg, under dette arbeid med porter, moloar og erosjonssikring.

Balanse og økonomisk situasjon

Føretaket har i 2025 hatt ein anstrengd økonomisk situasjon. Årsrekneskapen viser:

- netto reduksjon i driftsmidlar, som fylgje av meir avskrivningar enn anskaffingar
- framleis stort vedlikehaldsetterslep
- aukande behov for investeringar og revisjonsstengsler for å sikre framtidig etterleving av lovpålagde tilsynskrav

Styret og dagleg leiar peikar på at dagens finansiering ikkje er tilstrekkeleg til å handtere både løpande drift, vedlikehald og opprydding i etterslep over tid.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka har ingen direkte økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar for fylkeskommunen utover at fylkestinget tek årsmelding og årsrekneskap til orientering. Eventuelle behov for vidare oppfølging eller eigartiltak blir handsama i eigne saker.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Telemarkskanalen FKF har avgrensa direkte påverknad på klimagassutslepp, men bidreg indirekte til fylkets klimamål gjennom klimatilpassing, beredskap ved flaum og skånsam forvaltning av verna anlegg og vassdrag. Drifta legg til rette for berekraftig reiseliv og sjøbasert transport med lågare klima- og naturbelastning enn vegtrafikk.

Fylkesdirektørens vurdering

Årsrapport inkludert årsmelding og årsrekneskap for 2025 viser at Telemarkskanalen FKF står i ein krevjande økonomisk situasjon, med underskot i drifta og eit stort vedlikehalds- og investeringsbehov. Samtidig utfører føretaket eit samfunnsoppdrag av stor kulturhistorisk og offentleg verdi, og forvaltar anlegg underlagt strenge lov- og tryggingskrav.

Fylkesdirektøren vurderer at årsrapporten og årsrekneskapen gir eit reelt og dekkjande bilete av situasjonen i føretaket i 2025, og meiner det er rett at fylkestinget tek rekneskapen og årsmeldinga til orientering.

Fylkesdirektøren har vurdert årsrekneskapen og årsrapporten og har ingen kommentarar knytte til kommunelova § 9-16 tredje ledd. Kontrollutvalet skal gå gjennom årsrekneskapen i møtet sitt den 12. mai 2026, og utsegnene frå dei vil bli ettersende.

Vidare oppfølging av føretakets økonomiske rammar og langsiktige berekraft bør vurderast gjennom eigarstyring og i tilknytning til handlings- og økonomiplanarbeidet.

Vedlegg:

Årsrekneskap 2025

Årsrapport 2025 TK med vedlegg

Revisors beretning Telemarkskanalen FKF 2025